

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Nord-Trøndelag
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Egge
 Emne: Julenissen Bygdelag:
 Oppskr. av: Sverre Aune Gard:
 (adresse): Sverre pr. Steinkjer G.nr. Br.nr.
 A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle
 B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er først i dei aller siste åra det har varti vanleg med julenissen som deler ut julegaver. Det byrja med julenisse på juletræfester for skolebarna, der nissen delte ut godter til barna etter gangen rundt juletræet. Julenissen som deler ut julegaver, er truleg blitt kjent gjennom julekart og julehefter. Men den gamle julenissen, som skulle ha julegraut, har vori kjent i uminnelige tider gjennom munnleg overleveringar, sagnar og eventyr.
 2. Ja han kjem med alle julegavene, men får ikkje naka for sitt strev.
 3. Det er så ymse. I samme heimmar er det ein av barna, i andre att, ein av dei vaksne.
 4. Til utstyret skal det vera nissemaske med kvitt skjegg og raud tapplue, eller er det ingen regel for karlis drakten skal vera. Er mest om å kle seg ut så ein blir mest muleg uvanleg og ukjennelig.
 5. Ja nissemaskene blir kjøpt, men ikkje det andre utstyret.
6. Å gå julebukke er ikkje brukelig her.

8. Den nye julenissen blir nok helst sett i samband med den gamle nissen.
9. Nei. Men det blir ofte sagt til barna före jül at dei må vera snille og hjelpsame, eller kjem ikkje nissen med gaver. Julegaver frå ein eller annan "nisse" kan somme gonger kom på meir uvanleg måte. Som her har oss nå riste jül. 24.24 natta före jülaftdagen fann vi ein pakke utanfor gangdøra. Den var til ein av sønne, ein liten morsam julegave frå ta små fjäsnisser.

5465

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING